



Styremøte Bø museum

Dag: Onsdag 6. mars 2024

Tid: kl.18.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Ingrid Smedstad, Kari Rast Monge, Olav Finstad, Kari Lønnestad, Jørn Berget, Ellen Schrumpf (vara, frå kl 1900)

Frå drift: Bergit Li

Sakliste

Sak 12/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 13/24 Godkjenning av referat frå forrige styremøte
Referatet godkjent.

Sak 14/24 Årsmøtesaker

Kristin gjekk gjennom årsmeldinga, som denne gongen har fått ei noko revidert form. Bergit kommenterte rekneskapen, som viser eit overskot, delvis på grunn av at målararbeidet på Åheim ikkje blei fullført i 2023. Bergit kommenterte også budsjettet, som bla viser inntekter og kostnader knytt til eit nytt band av husmannssoga.

Kristin gjekk gjennom handlingsplanen. Enkelte punkt blei drøfta og nokre endringar blei gjort. Vedtektene blei gjennomgått og enkelte endringar blei gjort, for å få dei i samsvar med dagens situasjon.

Vedtak: Årsmelding, rekneskap og budsjett godkjennast, handlingsplanen godkjennast med enkelte endringar. Bergit sørger for korrigerering av vedtektene og sender dei til Kari RM for språkvask. Dokumenta sendast ut til medlemene og leggst fram for årsmøtet. Kristin blir foreslått som møteleiari på årsmøtet.

Sak 15/24 Kontingent

Nåverande kontingent er kr 250 for enkeltmedlemer og kr 300 for familie. Styret meiner det er greitt å auke summane noko for neste år.

Vedtak: Forslag om kr 300 for enkeltmedlemer og kr 400 for familiar, gjeldande for 2025, blir lagt fram for årsmøtet.

Sak 16/24 Måling av Åheim - status

Det forelegg tilbod frå Marek på 180 000 pluss MVA, stillas kjem i tillegg. Landbrukstjenester Telemark er usikre på kven dei har i arbeidsstokken til sommaren, så dei kan ikkje kome med

tilbod nå. Vi ventar på tilbod med totalsum frå Marek før avgjerd. Jørn sjekkar om vedlikehaldsgruppa kan sørge for stillas.

Sak 17/24 Sommarsesongen, opningstider

Sommarutstillinga opnar laurdag 29. juni og er open til og med søndag 28. juli. Styret drøfta om museet i år skal ha ope også på måndagar. Det vil medføre auka kostnader og/eller auka behov for frivillige vakter.

Vedtak: Museet held stengt måndagar, som tidlegare.

Sak 18/24 Tilsetting

Kristin og Bergit har hatt kontakt med ein mogeleg interessent til jobben som dagleg leiar, som vil besøke museet for å få litt informasjon.

Sak 19/24 Representasjon på møte

18. mars kveld rep.møte Bø prestegard: Kristin stiller

19. mars kl 09.00 Visit Bø: Bergit stiller

19. mars kveld Bø kulturettnettverk: Kari RM stiller

Sak 20/24 Medlemskap i Soga

Spørsmålet om museet skal gå inn som medlem av nettverket Soga har vore drøfta fleire gonger. På forrige styremøte hadde Tore Bjørn Pettersen ei orientering, og han har også sendt ein epost om saka i forkant av dette styremøtet. Fleire kjenner seg fortsatt usikre på om medlemskap er tenleg for museet.

Olav sette fram følgjande forslag: Bø museum melder seg inn i nettverket Soga.

Vedtak: Forslaget fall mot to stemmer.

Sak 21/24 Eventuelt

- Forslag frå Bergit: Me bør få blå skilt på kulturhistoriske bygningar på museet og i Bø sentrum. Skilta blir levert av Oslo byes vel som har eit nasjonalt skiltprogram med slike blå skilt. Ingrid ser på saka og utarbeider, saman med Finn Rønning, forslag om aktuelle bygningar. Aktuelt å søke støtte til skilta.
- Ingvar Skobba har noko materiell frå krigen som han tilbyr til museet. Finn er positiv til å ta imot, og styret støttar avgjerda.
- Samling etter Jon Hvitsand, askar med dokument, er grovsortert. Finn vil gjennomgå den delen av materialet som høyrer til Bø, det som er knytt til Sauherad kan leverast til Evju. Styret støttar dette.

Sak 22/24 Orienteringssaker

- Dugnadsfesten 29. februar
- Representantskapsmøte i Sparebankstiftinga Bø
- Styremøte i Midt-Telemark museumslag
- Arrangement ved museet utover våren
 - 21. mars: Årsmøte
 - 11. april: Program om Halvor Sandsdalen
 - 7. mai: Arrangement med/for Asbjørn Storesund
 - 20. mai: Pilegrimsvandring
 - 28. mai: Kulturtur

Ref. Kari